



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Julie Marie Andersen, 5557 2355  
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato  
23.09.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/8335 561  
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Frarår løyve til overføring av Reppaelva i Kvinnherad kommune til Tveitelva kraftverk**

**Fylkesmannen rår ifrå overføring av vatn frå Reppaelva til Tveitelva kraftverk.**  
**Fraføring av vatn i Reppaelva vil ha store konsekvensar for det unike vasslandskapet i nedre del av elva, med negativ verknad for både biologisk mangfald og natur.**  
**Landskapsopplevinga i Maurangerfjorden vil bli redusert ved tap av vatn over eit av dei to eksponerte fosseberga, og den omfattande samla belastninga i området må vurderast etter naturmangfaldlova § 10.**

Fylkesmannen i Hordaland viser til brev frå NVE av 20. juni 2016, om søknad om å få overføre vatn frå Reppaelva til Tveitelva for utnytting i Tveitelva kraftverk i Kvinnherad kommune. Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket vil medføre skade eller nemneverdige ulepper for allmenne interesser i vassdraget. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagt til grunn. Berre eventuelle konfliktområda er omtalt.

#### *Litt om prosjektet*

Tveitelva kraftverk AS ønskjer å etablere eit inntak på kote 370 i Reppaelva (sentralt i Nordrepollen) og leggje ei nedgrave røyrgate herifrå til eksisterande inntak på kote 240 i Tveitelva. Røyrgata vil ha ei lengde på om lag 840 m og det er planlagt ein permanent skogsbilveg i traseen. Røyret skal ha ei diameter på 352 mm. Overføringa vil auke produksjonen i Tveitelva kraftverk med 3 GWh. Lengda på råka elvestreng er 1,07 km. Tiltakshavar planlegg slepp av minstevassføring på 34 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 6 l/s i perioden 1. oktober til 30. april, noko som tilsvara 5-persentil. Det vil nyttast eit nedbørsfelt på 2,2 km<sup>2</sup>. Utbyggingskostnad vil være 9,6 millionar kroner og utbyggingspris 3,20 kr/kWh.

#### **Fylkesmannen sine kommentarar**

##### *Røytraseen (øvre influensområde)*

Dei første 20-30 m frå inntaket vil røyret verte bolta fast til fjellet, til forbi ein bergnabb. Fylkesmannen er skeptisk til korleis denne løysinga vil sjå ut.

### *Elv og biologisk mangfold (nedre influensområde)*

Fylkesmannen meiner det er negativt å redusere vassføring med 80 prosent på årleg basis i ei elv som har eit så spesielt elveløp som Reppaelva. Fosseberg er raudlista naturtype (NT) og fossesprøytnarar er viktig for omliggande vegetasjon. Det at elva delar seg i fleire løp gjennom lauvskog bidrar til at fuktighetskrevjande artar kan leve her, og det er verdifullt. Søkar undervurdera viktigeita av elva for dei fuktighetskrevjande plantane i nedste del av influensområde og korleis elva kan bidra til eigna forhold for dei raudlisteartane som er omtalt i rapporten. Konsulentane har gitt ei god skildring av dette.

Blant anna blei det gjort funn av artane gul pærerlav (NT) og *Arthonia stellaris* (VU) i nedre del av Reppaelva. Begge funna representere austlege ytterpunkt for sin art i fylket, og særleg sistnemte art veks der det er høg luftfuktighet. Området der dei er funne, er relativt eksponert, noko som kan tyde på at fukt frå elva gjer det mogleg for artane å vekse her. I så fall vil sterkt redusert vassføring, som tiltaket legg opp til, kunne føre til at artane forsvinn frå området.

I tillegg til at vegetasjon blir råka av redusert vassføring, så vil også det akvatiske naturmiljøet bli råka. Samansetjing av fauna på elvebotn vil endrast og insekt forsvinne slik at næringstilgangen for fugl og fisk vil bli dårlegare. Elgefuglar nyttar vassinsekt i sitt næringssøk, der vassføring også er ei viktig faktor. Strandsnipe, fossekall, og linerle vart observert under synfaring og dei to fyrstnemnde artane vil truleg kunne hekke i eller ved vassdrag av denne typen.

Rådgivende biologer har utført ei undersøking av fisk i Reppaelva. Dei fann ikkje laks i vassdraget, men sjøaure. Dei konkluderte med at ein reduksjon i vassføringa vil gi noko redusert fiskeproduksjon. Det anadrome strekket som blir råka er omlag 500 meter, inkludert 200 meter opp Stegelva. Dei meiner også at redusert vassføring ikkje vil ha noko innverknad på vandring av ål i vassdraget. Fylkesmannen er einig i denne vurderinga.

### *Landskap, friluftsliv og store samanhangande naturområde*

Delområde Mauranger – Varaldsøy er omtala i *Fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland 2009 – 2021*. Alle verdivurderingar gjort for dette delområdet viser *middels til stor verdi*.

Blant anna *fjordlandskap* har stor verdi (A-område), vurdert som det ypparste og mest eineståande i denne delen av Hardangerfjorden. Nordrepollen og Tveitelva blir her trekt fram som eksempel. Ved at Tveitelva blei utbygd gjekk dette landskapselementet tapt. I dag står Reppaelva igjen. Det eksponerte elveløpet, med to langstrakte fossefall lokalisert sentralt i landskapsbildet, er viktige element i dette fjordområdet. Ei stor vertikal utstrekning på fossane bidreg til at dei er godt synleg i landskapet, og i eit så utbygd område, er dette eit viktig landskapselement å ta vare på.

Reppaelva er også spesiell i landskapet ved måten elveløpet delar seg i fleire løp før dei vert samla igjen. Når den delar seg blir den mindre synleg, men til gjengjeld bidrar vatnet til den eksisterande rike og varierande vegetasjonen.

Fylkesmannen meiner at tap av dette landskapselementet vil vere eit inngrep som vil gje negative konsekvensar lokalt for både fjordlandskap samt natur- og biologisk mangfold.

Friluftsinteressene i lokalområdet er dårleg opplyst i søknaden. Den lokale verdien av elva er difor ikkje kjend. Det er difor lite kunnskap å byggje på. Mauranger har lang tradisjon som

turistmål. Friluftsliv er viktig for både fastbuande og for reiselivet, men akkurat langs Reppaelva er det ikke kjent omfang av turgåarar. Dette kan skuldast at det tidvis er vanskeleg tilkomst.

Fylkesmannen håper dette blir betre opplyst på synfaringa.

Det er uheldig at utbygginga vil føre til tap av større samanhengende naturområde, her 0,29 km<sup>2</sup> av INON sone 2.

#### *Samla lastning*

Fylkesmannen er usamtid i søker si vurderinga av samla lastning. Søker undervurderer opplevingsverdien av Reppaelva, og det må takast omsyn til totalopplevelingen av Maurangerfjorden og kringliggende områder. Reppaelva bidrar til positiv landskapsopplevelsing med sine to fossestryk og bidrag til det fuktige økosystemet i nedste del av elva. Den samla lastninga i området må vurderast etter naturmangfaldlova § 10. Tidlegare inngrep og utbyggingar i Maurangerfjorden gjer det særleg nødvendig å ta vare på attverande urørt natur. Tolegrensen for nye inngrep er, etter Fylkesmannen si oppfatning, overskride i dette området. Det bør difor ikke opnast for nye, irreversible landskapsinngrep i dette området.

#### *Konklusjon*

Fylkesmannen rår ifrå overføring av Reppaelva på grunnlag av det unike vasslandskapet, det biologiske mangfaldet i og langs med vassdraget, og den samla belastinga ved Maurangerfjorden og landskapsopplevelingen.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

Julie Marie Andersen  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Norges jeger og fiskeforbund - Hordaland Kvinnherad kommune	Tverrgaten 4/6 Rosendalsvegen 10	5017 5470	Bergen Rosendal
Miljødirektoratet Hordaland fylkeskommune	Postboks 5672 Sluppen Postboks 7900	7485 5020	TRONDHEIM Bergen